



## SAKSGANG

Styre/råd/utval	Møtedato	Sak nr	Saksbeh.
Formannskapet	26.01.2015	010/15	SBL
Kommunestyret	29.01.2015	004/15	SBL

Saksansvarleg: Svein Bj. Lerum

Arkiv: K2-  
N69

Arkivsaknr.: 15/38

Oppfølgingsansvar:

Tidsfrist:

**Ny postlov på høyring**

**Vedlegg:** Samferdselsdepartementet 22.10.2014 – høyningsnotat ny postregulering utkast til ny postlov og postforskrift.  
 Høyningsuttale vedrørende forslag til kutt i laurdagsdistribusjon for Posten – 02.11.2014 Sogn og Fjordane Avisforeining.

**Saksomtale:** Regjeringa har sendt ut framlegg til ny postlov på høyring med frist for uttale 26. januar 2015. Høyringa er ikke sendt til kommunane men til KS som interesseorganisasjon for komunesektoren. Bø kommune er gjort merksam på nokre konsekvensar av framlegget og vi er oppmoda om å sende inn uttale. Spørsmålet er: *Ser vi konturar av at heile landet fram i tid vil bli ei «Harald Omnes-sak..?» Går ut frå at Bø kommune svarar på høringa, med ein konklusjon om at dette synest vi ikkje noko serleg om (for ikke å ta i for hardt...)*

Rådmannen legg saka fram for behandling ved å slutte seg til ein «fellesuttale» vedkomande ny postlov.

**Ny postlov**

opnar for full konkurranse på postmarknaden og implementerar EU sitt tredje postdirektiv. Blant anna har PostKom, som organiserar 20 000 tilsette i blant anna Posten og Bring, stilt spørsmål om viktige punktar for kommuneNorge. Postkom seier også at det er bra at regjeringa etter kvart prøvar å «utrede» fakta om konsekvensane av liberalisering av postmarknaden, men dette skulle sjølvsgåt som det er vanleg kome med i «utredningen» før framlegg til ny postlov leggast fram. Høyningsfristen går ut før analysen av konsekvensane frå Post- og Telesynet er lagt fram!

Departementet seier det ikke er aktuelt å utsette høyningsfristen, saka vart sendt ut 22.10.2014 og «det er meir enn nok tid» seier ansvarleg for saka.

Heile postmarknaden skal liberaliserast, det vil sei at eineretten til Posten som i dag omfattar brevpost med vekt inntil 50 gram blir borte!

Mange meinat Stortinget bør få informasjon om kor store kostnader det blir for staten ved å innføre konkurranse på brevpost.

I tillegg til å opne for full konkurranse på postmarknaden legg også

Samferdselsdepartementet opp til å avvikle postomdelinga på laurdagar. Dette skal gje ei innsparing på 400 mill kroner. Eit av momenta i den samanheng er korleis ein skal oppretthalde laurdagsomrdeling av aviser på stader utan eige budnett.

Departementet seier at

«Alternativene er direkteutpeking av en leveringspliktig tilbyder eller konkurranse om hele eller deler av leveringsplikten. Tilsynet skal gi råd om hvilken utvelgelsesreform departementet skal bruke den dagen postloven er vedtak i Stortinget».

Avisene har reagert på omlegginga og viser til at mange nyttar Posten som einaste distributør. Andre nyttar Posten til å distribuere delar av opplaget. Laurdag blir ofte nyttta som ein av utgjevingsdagane for aviser slik det ofte er i distriktsNorge.

I høyringsnotatet punkt 3 om «spesielle samfunnspålagte oppgaver» har departementet serskilt bedt om høyringsinstansane sitt syn på «krav om formidling av forhåndsstemmer». Ved Stortingsvalet 2013 vart nesten 1700 røyster forkaste av dei dei kom for seint fram til røystestyra i den enkelte kommune. Vi har ikkje registrert at dette var problem i Bø kommune.

KS – kommunens arbeidsgjevarorganisasjon – opplyser at:

Nei det har vi fleire, fordi vi fleire ser at spørsmålet om levering av aviser etc på fleire klart berører kommunenes tjenesteområder – fleire om det selvsagt har distriktpolitiske sider. Vi sjekket ut med hovedstyret vårt i desember om de ønsket at vi skulle forberede en politisk høring, og fikk til svar at de fleire ønsket det. Men du er fleire den første som spør – det var derfor vi tok det opp.

Fleire regner med at fleire fylkeskommuner forbereder høringssvar på dette temaet, og da med eventuelle distriktpolitiske konsekvenser som det viktigste temaet.

Vår fagavdeling for digitalisering vil forberede svar på den delen som går på standarder for sikre digitale posttjenester

Under Rådmannen si tilråding har vi lagt fram ein felles uttale med innleiing til vurdering i formannskapet. For kommuneNorge ser det ut til å vera mest fokus på distribusjon for lokalavisar samt saker som vi har opplevd i nabokommunen Nome (jfr Omnes-saka).

Som vedlegg følgjer ein uttale frå Sogn og Fjordane Avisforening til orientering.

<b>Rådmannen tilrår:</b>	Rådmannen viser til dei folkevalde si interesse for å markere delar av framlegget til ny postlov. Lova vil ha verknad for kommunen sine innbyggjarar og næringsliv og truleg også for kommunen sjølv og rådmannen ber formannskapet vurdere å støtte følgjande uttale:
------------------------------	--

Regjeringen har sendt forslag til ny postlov på høring. Loven åpner for full konkurranse på postmarkedet og implementerer EUs tredje postdirektiv.

En god infrastruktur som omfatter gode posttjenester er avgjørende for alle kommuner og fylkeskommuner. Kommunene er avhengig av at folk og næringsliv har gode betingelser. En svekkelse av det lokale næringslivets muligheter rammer i neste omgang bosettingsgrunnlaget. Regjeringens forslag til ny postlov, og innføring av EUs tredje postdirektiv, vil gjøre det vanskeligere å oppretthalde den desentraliserte næringslivs- og bosettingsstrukturen vi har i Norge i dag.

Enhetsportoen og eneretten til Posten Norge gjør at vi har et spleislag som sørger for gode og likeverdige posttjenester til lik pris i hele landet. Her er våre viktigste innvendinger mot det fremlagte lovforslaget:

- Regjeringen fjerner enhetsportoen for 90 % av forsendelsene og opphever eneretten. Det vil føre til dårligere og dyrere posttjenester, spesielt for næringslivet i distriktene.
- Konkurrentene vil gå med post der det er mest lønnsomt, og overlate resten av postombæringen til Posten Norge.
- Regjeringen har ikke beregnet hvor mye den nye postpolitikken vil koste for staten.
- Regjeringen kutter ut postomdeling på lørdager, (men holder døren på gløtt for fortsatt utelevering av aviser).
- Stortinget skal ikke lenger bestemme postpolitikken i Norge. I loven foreslås det at det er departementet som i hovedsak skal bestemme. Dette er en avpolitisering.
- EU har selv konkludert med at postdirektivet ikke har gitt billigere og bedre tjenester i EU-landene.

**F-010/15** Formannskapet **tilrår med 6 mot 1 røyst** som Rådmannen med følgjande  
**Tilråding:** tillegg/justeringer fra representanten Arne Storhaug, AP:

«Posten Norge har plikt til å distribuere likeverdige posttjenester til lik pris over heile landet og til alle postmottakere, uansett geografisk plassering. Denne plikten gjelder alle ukas virkedagar.  
Det legges her avgjerande vekt på at busettingsmønsteret i distriktene ikke skal føre til at husstandar fell utanfor tjenestene».

**K-004/15** Som Formannskapet – **samrøystes**.  
**Vedtak:**